



Vertshuset blir no pussa opp, men om det blir servering denne månaden er uvisst. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Den nye eigaren av Vertshuset i Uskedalen, Røsmland, sette straks etter overtakinga i gang med ei omfattande oppussing i og rundt huset. Det var ikkje akkurat nokon pryde for staden etter å ha stått tomt i tre år.

På få dagar har mykje skjedd, men det er uvisst om eigarens målsetting om å opna for servering allereie denne månaden kan bli innfridd. Ein nystart krev omfattande førebuingar og formell handsaming både her og der. Røsmland satsar på ei omfattande om- og utbygging framover.

Nokon drivar er heller ikkje engasjert enno.

Uskedalen.no kjenner til at det lenge har pågått forhandlingar mellom Røsmland og den tidlegare drivar Thomas Berius, utan at partane enno har sett sine namn på papiret.



Røsland hadde ei målsetting om servering før denne månaden er omme, men om det lukkast er uvisst. Her er han og Vertshuset før oppussinga. (Foto: Ola Matti Mathisen).